

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 26.03.21 frå Flåm Bilutleie AS, org.nr 989 493 183, på følgjande vilkår, pkt 2-6.
2. Personar med nedsett funksjonsevne skal kunne nytte rutetilbodet likeverdig med andre.
3. Vestland fylkeskommune kan på kort varsel påleggje Flåm Bilutleie AS å gjere tilpassingar i bruken av haldeplassar med vidare.
4. Flåm Bilutleie AS skal sende rutedata til Entur AS etter retningslinene i Jernbanedirektoratet si Håndbok N801 v2.
5. Flåm Bilutleie AS, skal ikkje nytta namnet «Vandrebussen» eller liknande, og marknadsføringa og vognene som vert nytta skal skilje seg tydeleg frå marknadsføringa og vognene til Skyss/Kringom.
6. Fylkesutvalet oppmodar Flåm Bilutleie AS om å nytte mest mogleg miljøvennlege bussar.